



Researcher position in catalytic hydrodeoxygenation of biomass

Forskar

Ved Kjemisk institutt (<https://www.uib.no/kj>) er det ledig ei mellombels stilling som forskar i katalytisk oppgradering av ligninbasert biomasse. Stillinga er for ein periode på to år og knytt til prosjektet "Renewable aromatic hydrocarbons for fuel blending from lignin by novel homogenous catalysis" - ENERGIX, finansiert av Noregs Forskningsråd.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

- Hovudmålet med prosjektet er å utvikle overgangsmetallbaserte katalysatorar for selektiv reduksjon (hydrodeoksygenering) av ligninbaserte sambindingar til aromatiske sambindingar for fornybart drivstoff og kjemikalier. Kandidaten vil designe, lage og teste heterogeniserte metallorganiske fragment på metalloksid som katalysatorar. Dette eksperimentelle arbeidet vil verte komplementert av andre prosjektmedlemmer som studerer den katalytiske reduksjonsmekanismen ved å nytte reknebaserte metodar. Målet er at synergi mellom eksperimenter og berekningar vil hjelpe utviklinga av nye katalysatorar.
- Kandidaten vil verte innlemma i ei gruppe som inkluderer doktorgradsstipendiatar og Bachelor/Master-studentar og vil kunne nytte dette til å utvikle leiarskap og rettleiing.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha oppnådd norsk ph.d. - grad eller tilsvarande utdanning i kjemi eller ha levert doktoravhandlinga si til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at doktorgraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Solid bakgrunn i syntese, karakterisering og testing av heterogeniserte katalysatorar er eit krav. Denne erfaringa (teknikkar, nivå på røynsla, osv.) må verte spesifisert og dokumentert i søknaden.
- Erfaring frå metallorganisk kjemi, i løysing og/eller på overflatar, er ein klar føremon. Det same gjeld erfaring frå syntese av metallpartiklar og handtering av kontinuerleg-flyt reaktorar.
- Søkjarar må vere i stand til å arbeide sjølvstendig, og utføre laboratoriearbeid på ein strukturert, ansvarleg og sikker måte. Dei må òg kunne samarbeide med andre, og ha entusiasme for forskning og høg arbeidskapasitet.
- Søkjarar må ha svært gode evner i skriftleg og munnleg kommunikasjon på engelsk.
- Dokumenterte eksempel på kommunikasjon av vitskapelege resultat til eit breitt publikum av ikkje-spesialistar er ein føremon.

Forskingsrøynsla, ambisjonar og potensial vil telje i vurderinga av kandidatane. Det same gjeld personlege og mellommenneskelege eigenskapar .

Vi kan tilby:

- Eit sterkt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø.
- Løn etter lønnssteg 59 (kode 1109/lønnsramme 24, alternativ 3) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Dette utgjer ei årsløn på kr 523 200,- brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkjaren sine forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga.
- Namn og kontaktopplysningar til to referansar. Ein av desse bør vere hovudrettleiaren frå doktorgradsutdanninga.
- CV.
- Karakterutskriftar og vitnemål, samt stadfesting på at doktorgradsavhandlinga er levert.
- Relevante attestar.
- Liste over vitskapelege arbeid (publikasjonsliste).
- Inntil fem relevante publikasjonar.

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

Førsteamanuensis Dr. Erwan Le Roux, Phone +47 55589491, E-mail: Erwan.LeRoux@uib.no

Professor Vidar R. Jensen, Phone +47 55583489, E-mail: Vidar.Jensen@uib.no

Ein meir detaljert omtale av stillinga er tilgjengeleg [her](#).

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvoltering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet består av sju institutt og en rekke sentre. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 173335, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut